

Vekeplan 8. trinn

Veke 24 og 25

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	• Lesa og snakka om skjønnlitterære tekstar • Lyrikk-verkemiddel
Matematikk	• Me arbeidar med økonomi og karriereval • Gjera enkle undersøkingar og setta opp budsjett
Samfunnsfag	• Gjera greie for jordbruksrevolusjonen • Gjera greie for den industrielle revolusjonen • Diskutera positive og negative verknader av den teknologiske utviklinga • Diskutera om ny teknologi kan løysa miljøproblema i verda
Naturfag	• Diskutera kva som er meint med omgrepet seksualitet • Diskutera kvifor det er viktig at ungdom kjenner sin eigen kropp og sine eigne grenser • Gjera greie for korleis kjønnsorgana er bygde opp, og kva funksjon dei ulike delane har • Kjenna til nokre nettsider og andre kjelder med korrekt og god informasjon om tema som handlar om seksualitet
Spansk	• Skriva om kva ein har på seg av klede • Sterke verb: IR og QUERER (diftong) • Snakka om skulen sin
Tysk	• Snakka om årstider og vêret • egedomspronomen
Kroppsøving	Fotball/Frisbee: • Trena på og utvikla ferdigheiter i varierte bevegelsesaktivitetar • Trena på og utvikla ferdigheiter i lagidrettar og alternative bevegelsesaktivitetar/<u>individuelle idrettar</u>. Symjing: • Utføra varierte symjeteknikkar og kunna symja ein lengre distanse basert på eiga målsetjing Innsats: • Praktisera innsats ved å bruka eigne ferdigheiter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverka til framgang for andre • Prøva å løysa faglege utfordringar etter beste evne utan å gje opp, visa sjølvstende, utfordra eigen fysisk kapasitet og samarbeid med andre
Kantine	• Laga god og ernæringsriktig mat • Halda god hygiene • Jobba med rekneskap og plakatdesign • Gjennomføra sal • Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøkter

INFORMASJON TIL HEIMEN

Då er det klart for årets siste vekeplan. Det blir ikkje så mykje lekser, men ein må førebu seg til dei siste vurderingane. I tillegg må ein halda seg oppdatert og passa på å ha med seg alt ein treng til dei ulike skuledagane.

Fridag

Måndag 9. juni er 2. pinsedag, så då har alle fri! Nyt siste fridag før sommarferien!

Utdanningsval (UTV)

Me er i full gang med utdanningsval, der elevane lærer mykje om vidare utdanning og om yrker og bedrifter. I sist veke hadde me besøk av mange bedrifter som informerte elevane om ulike yrker og kva bedriftene held på med. I dei siste 2 vekene skal me og jobba med prosjektet "Økonomi og karriereval", der me skal ha 4 økter før me får besøk av ein representant frå SpareBanken Sør-Norge som skal læra oss meir om temaet. I tillegg skal elevane ha jobbskugging på torsdag, der dei blir kjent med eit yrke.

Avspasering

Elevane har fri fredag 13. juni i 1.-3. time, då dei skal avspasera for timane dei gjekk ekstra på Hei verden-kvelden. Skulen startar etter lunsj, klokka 11.25.

Tinghaugløpet

Kvart år arrangerer me Tinghaugløpet for heile skulen. I år blir dette på fredag i 5.-6. time. Elevane kan springa i full fart eller jogga i roleg tempo. Dette er ein del av gymfaget, og ein blir vurdert i forhold til innsats.

Siste veka

I den siste veka blir det innlevering av bøker og ipad. I tillegg blir det ein del aktivitetar og truleg sykkelstur om veret blir ok. Onsdag skal me og på bowling. Siste skuledag sluttar me av kl 11.00. Elevane vil denne dagen få tilgang på karakterane som ligg i Visma. Minner om at elevane har rett på å klaga på karakterane i avgangsfaga. For 8. trinn gjeld dette kun i valfag. Informasjon om dette finn ein på heimesida.

Helsing oss på 8.trinn

PRØVAR, INNLEVERINGAR OG FRAMFØRINGAR

Fag	Kva	Vurdering	Veke/dato
Krle	Fagsamtale	Karakter	Veke 24
Naturfag	Fagsamtale	Karakter	21-24

HEIMEARBEID VEKE 24

KRLE	Øv til fagsamtalen
Arbeidslivsfag	Skaffa seg jobb for 9. trinn
Kroppsøving	Fotball/frisbee: Hugs å ta med gymklede og sko til å vera <u>inne (fotball)</u> , <u>ute (frisbee)</u> .. Symjing: Partalsveker: 8AD. Oddetalsveker: 8BCE
Kantine	Avspasering
Fys.ak.	Følg med på info på Teams
Friluftsliv	Avspasering

HEIMEARBEID VEKE 25

Ipad	På måndag må du ta med iPad, deksel og ladar.
Bøker	På måndag må du ta med alle bøkene
Spansk	God sommarferie! Felices vacaciones de verano !!!
Kroppsøving	Frisbee: Hugs å ta med gymklede og sko til å vera <u>ute</u> . Symjing: Partalsveker: 8AD. Oddetalsveker: 8BCE
Friluftsliv	Avspasering
Fysisk	Følg med på Teams